



## VEDTEKTER FOR SÆBØVIK BÅTLAG

### Innhald

1. Namn og formål. s..2
2. Medlemskap s..2
3. Årsmøtet s..2
4. Ekstraordinært årsmøte. s..3
5. Medlemsmøte s..3
6. Styret. s..3
7. Andre komitear og nemnder s..3
8. Kontingent, årsavgift, innskot og dugnad: s..4
9. Endringar i lov og reglement. s..4
10. Opplysning s..4

### *Reglar for tildeling/sal av båtplass i Sæbøvik Båtlag si småbåthamn s..5*

1. Føresetnader for tildeling av båtplass: s..5
2. Dugnadsinnsats: s..5
3. Prisar og oppgjersformer ved kjøp og sal eller bortfall av båtplassar i Sæbøvik Båtlag: s..6

### *Hamnereglement for Sæbøvik Båtlag si småbåthamn på Sæbøvik s..6*

1. Krav til varsemnd. s..6
2. Krav til orden og reinsemnd s..6
3. Tilvist plass s..7
4. Gjesteplass s..7
5. Ledig/felles kaiplass s..7
6. Molo, brygger, utrigger/fortøyningsbommar. s..7
7. Brannfare. s..7

8. Biltransport s..7

9. Bruk av toalett. s..7

10. Utsetjing/opptak. s..7

11. Opplagsplass. s..7

12. Ansvar. s..8

13. Brot på hamnereglane s..8

### *Instruks for hamnestyret i Sæbøvik småbåthamn s..8*

Oppgaver: s..8

Hamnestyret sine plikter: s..9

Hamnesjefen: s..9

### *Retningslinjer for tillitsvalgte i laget s..10*

Formann: s..10

Sekretær: s..10

Kasserer: s..10

Styremedlem s..10

### *Vedtekter for sjøbuene: s..11*



## 1. Namn og formål.

- Namnet på laget er Sæbøvik Båtlag, initialane er SB.
- Laget skal arbeida for at alle medlemmer og andre med bruksrett skal kunna få plass i ei trygg og funksjonell båthamn. Laget vil arbeida for å skapa eit godt og positivt miljø for friluftsliv og båtsport.

## 2. Medlemskap

- Alle som vil retta seg etter laget sine lover og reglar samt årsmøtevedtak, kan bli medlem. Bedrifter, institusjonar, lag og organisasjonar kan også få medlemskap, men kvar av dei kan berre møta med 1 representant med stemmerett på årsmøtet, sjølv om desse kan bli tildelt fleire plassar i laget si båthamn. Lokalt busette på Halsnøy bør prioriterast.
- Innmeldinga skal skje på fastlagd skjema. Utmelding skal skje skriftleg. Medlemskapen kan ved dødsfall eller etter eige ynskje overførast til ektefelle, barn eller søsken.
- Eit medlem som ikkje rettar seg etter laget sine lover og reglar, kan etter styrevedtak mista medlemskapen. Ei slik avgjerd kan ankast inn for årsmøtet

## 3. Årsmøtet

- Årsmøtet skal haldast innan april månad.
- Skriftleg innkalling skal sendast medlemmene minst 3 veker før møtedagen, eller annonserast i lokalpressa. Valnemnda skal i god tid i førevegen setjast i arbeid. Saker som medlemmane vil ha handsama på årsmøtet, må vera styret i hende, minst ei veke før møtet.
- Årsmøtet vel ordstyrar og referent. Årsmøtet handsamar: Årsmelding, rekneskap, budsjett, kontingent og avgifter, innskot og dugnadsinnsats, verdi av båtplassar, og elles innkomne forslag.
- Årsmøtet vel styre med varamedlemmer, valnemnd på 3 medlemmer med ein leiar (leiaren valt for 2 år, dei 2 andre medlemmene for 1 år). 2 revisor (den eine valt på årstal med partal og den andre på årstal med oddetal), og hamnestyre.
- Alle val skal gjerast skriftleg dersom det er meir enn eitt framlegg. Alle medlemmene kan ved oppnådd stemmerettalder veljast, men dei som har eit verv i laget, kan be seg fritaken. Alle kandidatar må på førehand seie seg villige til å ta imot valet.
- Årsmøtet kan gjera vedtak med dei medlemmene som møter. Alle saker vert avgjort med simpelt fleirtal, dersom lova ikkje seier noko anna. Ved likt stemmetal er formannen si stemme avgjerande.



#### 4. Ekstraordinært årsmøte.

- Ekstraordinært årsmøte skal holdast når styret eller 1/3 av medlemmene krev det. - Innkalling skal skje på same måte som for ordinært årsmøte.
- Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama saker som er lagd til grunn for innkallinga.
- Alle vedtak blir gjort etter dei same reglane som gjeld for ordinært årsmøte.

#### 5. Medlemsmøte

- Medlemsmøte skal holdast når styret finn det ønskjeleg. Innkallinga skjer på den måten styret meiner er best i kvart høve.

#### 6. Styret.

- Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer og 2 varamedlemmer som blir valde av årsmøtet: Formann, skrivar som er nestleiar, kasserar og 2 styremedlemmer. Formann blir vald for 1 år, skrivar/nestleiar og kasserar blir vald for 2 år (årstal med partal), dei 2 styremedlemmene blir også valt for 2 år (årstal med oddetal.) Varamedlemmene blir valde for 1 år. Dei har møterett i styret. Formannen kallar inn til styremøte minst 1 veke før møtedagen, men ved hastesaker kan denne regelen fråvikast.
- Styret skal stå for den daglege leiinga, og gjera vedtak i saker som ikkje skal avgjerast av årsmøtet. Alle saker vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal er formannen si røyst avgjerande. Styret kan gjera vedtak når minst 3 medlemmer er tilstades.
- Skrivaren skal føre møtebok for alle styremøte og årsmøte.
- Kasseraren har ansvaret for medlemsarkiv og rekneskap. Mest mogleg av laget sine midlar skal stå på bankkonto.

#### 7. Andre komitear og nemnder

- Eit hamnestyre på 3 medlemmer, valt på årsmøtet, skal stå for organiseringa av dugnads- og tilsynsarbeidet i båthamna: 1 båthamnsjef, 1 molosjef, 1 pirsjef.
- Hamnestyret kan også bli pålagd andre oppgåver.
- Årsmøtet kan velja andre komitear.



## **8. Kontingent, årsavgift, innskot og dugnad:**

- Årsmøtet skal kvart år fastsetja medlemskontingenten.
- Årsmøtet fastset kvart år storleiken på årsavgifta for båtplassane, og den årlege dugnadsinnsatsen i båthamna. Årsmøtet skal også fastsetja timeprisen for ikkje utførde dugnadstimar.
- Årsmøtet skal også kvart år avgjera storleiken på innskot og dugnadsinnsats for tildeling av plass i båthamna, samt verdien av båtplassar som skiftar eigar.
- Frist for innbetaling av kontingent og årsavgift er 30 dagar etter mottatt faktura. Ved for sein innbetaling tilkjem purregebyr på kr 100,-

## **9. Endringar i lov og reglement.**

- Endringar i lov og reglement kan berre gjerast på årsmøtet eller på ekstraordinært årsmøte. Framlegg til endringar må vera oppført på sakslista, og krev 2/3 - av røystene frå dei frammøtte.

## **10. Oppløysing**

- Oppløysing av laget kan berre bli vedteken på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg til oppløysing må stå på sakslista som går ut til medlemmene minst 3 veker før møtet. Dersom oppløysing blir vedteke, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 1 måned seinare. For at laget skal bli oppløyst, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtalet.
- Ved oppløysing vedtek årsmøtet kva båtlaget sine midlar skal nyttast til. Årsmøtet som vedtek oppløysinga, vel eit avviklingsstyre på minst 3 medlemmer.



# **REGLAR FOR TILDELING/SAL AV BÅTPASS I SÆBØVIK BÅTLAG SI SMÅBÅTHAMN**

## **1. Føresetnader for tildeling av båtpass:**

- Båteigaren må vere medlem i Sæbøvik Båtlag.
- Medlemskontingenten må betalast kvar år så lenge ein har båtpassene.
- Båteigaren må alltid rette seg etter laget sine lover og reglar samt årsmøtevedtak.
- Styret i Sæbøvik Båtlag kan til ei kvar tid vurdere omplassering av båtpassane.
- Eitt medlem kan kjøpe inntil 2 plassar, men viss det er venteliste kan dei som ikkje har båtpass frå før prioriterast. Styret tek avgjersle i slike saker.
- Det fastsette innskotet må vere betalt inn, eller betalingsplan avtalt, før den tildelte båtpassene kan takast i bruk.
- Båtlaget skal kunne krevje inn årsleige frå tidspunktet den tildelte passene er klargjort til bruk.
- Den samla verdien av båtpassane skal kvart år kunne regulerast av årsmøtet.


## **2. Dugnadsinnsats:**

- Alle som skaffar seg plass i båthamna, må utføre lik dugnadsinnsats. Denne må ytast etter laget sitt behov. Ein kan «kjøpa fri» dugnadstimar etter gjeldande timesats. Dugnadsinnsatsen gjeld for kvar enkelt båtpass. Styret kan etter søknad frita alders-/uføretrygda for slik innsats.
- Totalt antal dugnadstimar skal kvart år nå ei minimums grense, fastsett av årsmøtet.
- Dei som ikkje har nådd minimums grensa for antal timar ved slutten av året vil få rekning på uteståande timar påfølgande år etter gjeldande satsar.
- Det vert normalt arrangert to organiserte vedlikehalds dugnadar før sommaren, men det kan vera aktuelt med fleire. Dugnad kan og utførast på eige initiativ, men dette må avtalast med hamnestyre. Ein kan også ta kontakt med hamnestyret for å få tildelt dugnadsoppgåver som treng utførast.
- Dugnadstimar skal meldast skriftleg til timeskrivar.



### **3. Prisar og oppgjerformer ved kjøp og sal eller bortfall av båt plassar i Sæbøvik Båtlag:**

- Når eit medlem ønskjer å selja båt plassen sin, skal det sendast skriftleg melding om dette til styret. Medlemet vert så ført opp på salslista. Styret vil syte for oppgjer straks båt plassen er seld vidare til eit anna/nytt medlem og oppgjer motteke/avtalt.
- Årsavgift skal likevel betalast så lenge ein er eigar av båt plassen, og også i den tid ein har båt plassen notert på salslista.
- Det er årsmøtet som til ei kvar tid fastset pris på båt plassane.
- Desse reglane kan takast opp til vurdering på kvart årsmøte. Det er berre årsmøtet som kan endre reglane.



## **Hamnereglement for Sæbøvik Båtlag si småbåthamn på Sæbøvik**

### **1. Krav til varsemnd.**

Alle skal ferdast omsynsfullt og vera varsame, så det ikkje fører til skade eller fare for skade, og slik at andre som nyttar båthamna ikkje unødvendig vert hindra eller uroa

### **2. Krav til orden og reinsemnd**

I båthamna skal det til ei kvar tid herska orden på alle måtar, og alle medlemmene pliktar å sjå til at dette skjer. Det er forbode å kasta avfall av alle slag i hamneområdet. Avfall skal samlast på tilviste stader. Fiskeavfall skal kastast på utsida av moloen.





### **3. Tilvist plass**

Alle båtar må leggjast på tilvist plass. Det er kun tillate å ha ein båt fortøyd på plassen. Slepejoller o.l. må oppbevarast på land eller på tilviste stader. Alle båtar må vera forsvarleg fortøyde og fendra. Fortøyingane må ikkje vera til hinder for andre. Eigaren pliktar å lense båten og halda tilsyn med den. Ved framleige/utlån av båtplass pliktar eigar å informere hamnestyret om dette. Betaling av årsleige og utføring av dugnad vil alltid vera eigars ansvar.

### **4. Gjesteplass**

Brukar av gjesteplass pliktar å retta seg etter båtlaget sine reglar.

### **5. Ledig/felles kaiplass**

Det er ikkje tillete å varig fortøya fleire båtar i hamna enn det ein har båtplass for. Ved fortøying av ekstra båt, skal dette alltid avtalast med hamnestyret først, og viss det er snakk om lengre tidsrom, meir enn to veker, skal leige avtalast.

### **6. Molo, brygger, utriggar/fortøyningsbommar.**

All skade må straks meldast til hamnesjefen

### **7. Brannfare.**

Før motoren vert starta må båtføraren forvissa seg om at det ikkje er sølt drivstoff, og at det heller ikkje er andre forhold som kan føra til fare for brann. Ved bruk av open flamme og ved bruk eller oppbevaring av eldsfarlege stoff eller væsker, må ein vera sær sarsam.

### **8. Biltransport**

Unødig bilkøyring på moloen og i hamneområdet er forbudt. Bilar må parkerast på parkeringsplassen eller langs vegen ned mot hamna. Det er forbudt å parkera på snuplassen, på moloen ved flytebrygga og i kaiområdet elles.

### **9. Bruk av toalett.**

I hamnebassenget er det berre tillete å bruka båttoalett som har lukka septiktank. Elles må ein nytta lovlege toalett på land.

### **10. Utsetjing/opptak.**

Medlemmer som har båtplass, kan etter behov få tildelt vinteropplagsplass på land, dersom der er nok plass til det. Hamnestyret tilviser plass for vinteropplag. Det er forbudt å ta på land eller sjøsetje slepejoller eller tyngre båtar over flytebrygger/trebrygger.



## 11. Opplagsplass.

Båt i vinteropplag må liggje på tilvist plass og vera forsvarleg sikra. Eigaren er sjølv ansvarleg for båten medan han er i opplag. Båteigaren plikter å halde plassen under og omkring båten ryddig og fri for avfall. Når båten er sjøsett, skal eigaren straks rydde bort stillas og tildekkingsmateriell.

## 12. Ansvar.

Båtlaget har ikkje ansvar for skade eller tap som oppstår under arbeid i eller ved båthamna eller opplagsplassen. Båtlaget har heller ikkje ansvar for skade som måtte oppstå på grunn av svikt i hamneanlegget eller -innretningane.

## 13. Brot på hamnereglane

Dersom ein ikkje rettar seg etter reglane for båthamna, kan dette føre til bortvising og inndraging av tildelt båtplass.

## ***INSTRUKS FOR HAMNESTYRET I SÆBØVIK SMÅBÅTHAMN***

### **Oppgaver:**

Hamnestyret skal ha ansvar for:

1. All organisering og tildeling/utleige av båtplassar. Det skal først eige register for dei tildelte plassane.
2. Organisering og registrering av alt det praktiske dugnadsarbeidet som skal utførast i hamna. At det blir laga oversyn over aktuelle arbeidsoppgåver som høver for dugnadsinnsats. Dette ansvarsområdet kan fordelast mellom medlemmene i hamnestyret etter kor i hamna arbeidet skal utførast, og det kan trekkjast inn ansvarsfulle medlemmer av båtlaget som vert delegert arbeidsoppgåver frå hamnestyret.
3. Molosjefen har eit særleg ansvar for moloen, medan pirsjefen har eit særleg ansvar for brygge og utriggarsystem.
4. Kontrollera alle installasjonar i hamna.
5. At det blir utført nødvendig vedlikehald og reparasjonar av laget sine eignaluter i hamna.
6. Å skaffa til vegs nødvendig materiell og verktoy, og at alt utstyr/materiell / verktoy som skal vera tilgjengeleg til ei kvar tid, er på plass i hamneklubbhuset e.l.





7. Å organisera all bostøming i hamna. Spesialavfall, slik som olje, maling o.l., må takast hand om på ein betryggande måte.
8. Å organisera eventuelt vakthald i båtlaget sin regi.
9. Å organisera eventuelt opptak/utsetjing av båtar.
10. Å rettleia båteigarar med forsvarleg fortøying.

### **Hamnestyret sine plikter:**

- å følgja opp alle styrevedtak som vedkjem deira arbeidsområde.
- å halda seg innanfor dei økonomiske rammene som båtlagstyret har sett opp.
- å føra kontroll med at hamnereglementet blir følgd. Båteigarar som ikkje rettar seg etter påbod frå hamnestyret skal rapporterast til båtlagstyret som tek avgjerd i saker.
- kvart år å utarbeida eit forslag til budsjett for vedlikehald, utbetringar, og nyinvesteringar i hamna. Forslaget skal vera grunnlag for båtlagsstyret si budsjett-behandling.

### **Hamnesjefen:**

Har eit spesielt ansvar for et dei andre medlemmene i hamnestyret er orienterte om dei vedtak som blir fatta i båtlagstyret. Likeeins pliktar han å gi tilbakemelding til båtlagstyret om alt arbeid som blir gjort i hamna.

Dersom det oppstår tolkingsproblem av reglement og/eller instruks, innan hamnestyret, skal saka leggjest fram for båtlagstyret til avgjerd.



## **RETNINGSLINJER FOR TILLITSVALGTE I LAGET**

### **Formann:**

- Kalla inn til styremøte (via sekretær, årsmøte)
- Leia styremøte
- Fordela arbeidsoppgåver
- Delta på alle møte som vedkjem laget
- Delta på tilstellingar som laget har
- Motta all post og fordele denne
- Vera lagets pressetalsmann
- Overvaka økonomien til laget
- Ansvarlig for utarbeiding av rutinar

### **Sekretær:**

- Senda ut møteinnkalling med sakliste
- Skriva og distribuere møtereferat
- Ansvar for årsmeldingar til årsmøtet
- Skriva alle brev
- Halda medlemskartotek

### **Kasserer:**

- Ansvar for lagets bankkonti
- Ansvar for alle utbetalingar
- Ansvar for at rett sum blir utbetalt
- Føre regnskap
- Setja opp forslag til budsjett
- Sørgja for vekslepengar og billetter på alle lagets arrangement
- Ansvar for medlemskapskontingent til laget

### **Styremedlem**

- Delta aktivt på alle styremøte
- Utføra oppgåver etter anvisning frå formann
- Halda styret orientert om saker som vedkjem laget

*Medlemmer av styret vert godskrive med dugnadstimar for vervet. Antal timar godskrive vert fastsett av årsmøtet.*



## VEDTEKTER FOR SJØBUENE:

- Grunnen som sjøbuene er sett på er Sæbøvik Båtlag sin eigedom.
- Alt areal rundt sjøbuene, inkludert kai framfor, er felles areal og kan ikkje nyttast til lagringsplass for private eigedelar. Det kan ikkje byggjast på eller endrast noko på buene som blir synleg frå utsida, dette må i så fall gjerast i fellesskap med dei andre sjøbueigarane og i samråd med båtlagsstyret.
- Einingseigar kan ikkje vidare selja eller distribuera på annan måte eining til andre enn Sæbøvik Båtlag.
- Når eit medlem vert tildelt ei sjøbu skal han behalda denne bua til han vel å selja ho igjen. Det vil seia at styret har ikkje høve til å flytta personar frå ei bu til ei anna. Einingseigarar har høve til å avtala byte seg imellom, men dette må alltid meldast til styret først.
- Reglane for sjøbuene vert på same vis som for ein båtplass. For å eiga ei sjøbu må ein ha båtplass. Einingseigar eig ein part i båtlaget, men vil ikkje telja som ekstra stemme på årsmøte.
- Tilkomsten til buene frå sjø er felles kaiplass.
- Einingseigar pliktar å mala/vedlikehalda buene etter båtlagsstyret sine spesifikasjonar.
- Einingseigar har ikkje høve til å setja utstyr utanfor sjøbu som er til sjenanse eller hinder for andre. Einingseigar har kun herredøme inni eiga sjøbu, ikkje utanfor.
- Viss eit medlem gjer gjentatte brot på vedtektene, kan styret fatta vedtak om at han blir tvangsinnløyst etter gjeldande satsar.
- Ved kjøp av bu må ein betala ein eingongssum, fastsett av årsmøtet. I tillegg kjem ei årleg avgift/leige som er så stor at den



dekkjer utgifter båtlaget har i samband med buene. Med utgifter meinast maling, forsikring, eigedomsskatt og straum. Satsane vert sett av båtlagsstyret.

- Det vert ført eiga timeliste for dugnad utført på sjøbuene. Timar utført på buene tel ikkje med i båtlagsdugnaden.



•